



# Innst. 131 S

(2010–2011)

## Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 24 S (2010–2011) kap. 2426, 5326 og 5613

### **Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Nærings- og handelsdepartementet**

Til Stortinget

#### **Samandrag**

I proposisjonen legg Nærings- og handelsdepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2010.

#### **Kap. 2426 SIVA SF**

##### ***Post 90 Lån, overslagsløyving***

Ved saldering av budsjettet for 2010 la ein til grunn at SIVA ville refinansiere eit lån som hadde forfall i september. På grunn av god likviditet fann SIVA at det ikkje var nødvendig å ta opp nytt lån.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 60 mill. kroner, frå 100 til 40 mill. kroner.

#### **Kap. 5326 SIVA SF**

##### ***Post 90 Avdrag på uteståande fordringar***

Posten omfattar avdrag på lån til SIVA frå statskassa. SIVA har innbetalt to lån på til saman 80 mill. kroner i 2010.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke inntektsløyvinga med 40 mill. kroner, frå 40 til 80 mill. kroner.

#### **Kap. 5613 Renter frå SIVA SF**

##### ***Post 80 Renter***

Som følgje av rentestrukturen på dei statspapira som låna til SIVA er knytt opp til, er det grunnlag for å auke renteinntektsløyvinga med 6,8 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og handelsdepartementet framlegg om å auke inntektsløyvinga med 6,8 mill. kroner, frå 30,3 til 37,1 mill. kroner.

#### **Merknader og tilråding frå komiteen**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Lise Christoffersen, Roald Aga Haug, Håkon Haugli, Ingalill Olsen og Eirik Sivertsen, frå Framstegspartiet, Per-Willy Amundsen, Gjermund Hagesæter og Åge Starheim, frå Høgre, Trond Helleland og Michael Tetzschner, frå Sosialistisk Venstreparti, leiarren Heikki Holmås, frå Senterpartiet, Ola Borten Moe, og frå Kristeleg Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, har ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

## vedtak:

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgjande endringar

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
2426		SIVA SF	
	90	Lån, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 100 000 000 til kr 40 000 000	60 000 000
Inntekter			
5326		SIVA SF	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med ..... frå kr 40 000 000 til kr 80 000 000	40 000 000
5613		Renter frå SIVA SF	
	80	Renter, blir auka med ..... frå kr 30 300 000 til kr 37 100 000	6 800 000

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 3. desember 2010

**Heikki Holmås**

leiar

**Åge Starheim**

ordfører